



ÅRSHEFTE 2007

ÅRSHEFTE FOR OLAV SLETTOS-SELSKAPET

Olav Sletto – selskapet gav i 2002 ut si fyrste årbok. Ei slik bokutgjeving er eit tungt lyft for eit selskap med så avgrensa økonomiske midlar som det me rår over. Difor vart det og sagt at ei fyldig årbok med stive permar kunne ein ikkje venta seg kvart år.

Sidan 2004 har det vore utgjeve årshefter kvart år, og me vonar det også i årsheftet 2007 vil finnast stoff av interesse for alle Sletto – vener.

Me takkar dei som har sendt oss stoff til dette årsheftet – og oppmodinga til alle medlemmer om å koma med større eller mindre bidrag til årshefta våre, står framleis ved lag!

Styret har teke til med registreringa av den store Sletto-samlinga i Hol Bygdearkiv. Her finst det mange godbitar å sjå fram til, både upubliserte manuskript og ikkje minst ei omfattande brevsamling. Etter kvart vonar me å kunne dela dette med medlemene i Olav Sletto-selskapet.

Årsheftet er i fyrste rekkje meint for medlemene i selskapet og er såleis ein ganske "eksklusiv" publikasjon, trykt i eit opplag på 125 eksemplar. Medlemstalet i Olav Sletto – selskapet passerte 100 i 2006, men her er rom for fleire, og me oppmodar alle medlemmer om å gjera ein aktiv innsats som medlemsvervarar. Medlemspengane er 100 kroner året som kan innbetalast til Olav Sletto – selskapet, Høgehaugvegen 11, 3576 Hol på bankkonto 2333.22.62998.

Sjå og internettsida vår: www.olavslettoselskapet.no

Styret.

Vidar Bergset:

Med Olav Sletto på hålsen.

Eg vonar ingen vil tolke overskrifta slik at dette skulle handle om at Olav Sletto er «komen ut å køyre» på nokon som helst måte. Tvert imot, dette er ein freistnad på å seie noko om Olav Slettos meisterskap, ført i pennen av ein som ser opp til Olav Sletto og har gjort det sidan trettenårsalderen.

Det vil handle mest om ei bestemt scene i Per-bøkene, nemleg opningskapitlet i «Per Spelmann». Kapitlet har overskrifta «På hålis» – og er eit drygt kapittel på 26 sider.

Forteljaren.

Dei som er kjende med Per-bøkene, veit at desse bøkene er «eg-forteljingar». Det er Per sjølv som fortel, frå fyrst til sist, forteljaren sjølv er forteljinga sin hovedperson, og han har ikkje noko direkte tilgjenge til det indre hjå dei andre personane, som ein allvitande forteljar alltid kan ha. Ein 1.personsforteljar kan vere meir eller mindre påliteleg, men her kan ein nok gå ut frå at Per som er forteljar er påliteleg i det aller meste.

Asbjørn Aarseth skriv om «eg-forteljaren» i «Episke strukturer» m.a.: Når det gjeld eigenskapane til forteljaren, «kan en nevne fortellerens intellektuelle kapasitet, hans evne til å se sammenhengen i det han har vært vitne til og skal bringe videre til leseren. I mange tilfeller er det opp til leseren å nå fram til en forståelse av det som er fortalt. En dramatisert forteller er gjerne mer eller mindre emosjonelt engasjert i det han skal formidle, og leseren vil finne grunnlag for å gjennomskue eventuell upålitelighet.» (s.35).

Midt i handlinga.

Olav Sletto nyttar seg i desse fyrste sidene av «Per Spelmann» av den mykje omskrivne «in medias res»-teknikken. Lesaren stupar rett inn i handlinga, (og for å sitere Willy Dahl): «fortellingen begynner med direkte aktivitet fra upresenterte personer (...) i form av replikk.» («Stil og struktur» s.75)

No kan det vel diskuterast om personane i «Per Spelmann» er upresenterte, all den stund Sletto har skrive tre bøker om Per, bygda hans og folket hans tidlegare, men om no lesaren *ikke* skulle ha lese «Per

«Spegil», «Per Sjø» og «Per Stavlang», stuper han verkeleg inn i handlinga i kapitlet «På hålis».

Overskrifta fortel at det går for seg på isen, men så heiter det: «Takk for telegrammet på gi-burt-dagi! ropte eit gjentemål. Eg høyrde det skratta i viki under kråmbudene.» Dette er dunkelt for ein uførebudd lesar. Kven ropte? Var det *ei* jente eller fleire jenter? Har eg-personen sendt eit telegram eller har han ikkje sendt eit telegram? Er det måneskin, med djupe skuggar over isen, sidan det ikkje står noko om at hovudpersonen ser den som ropar?

Men så skjønar ein fort at dette er jenter som Per har venta å råke på isen. «Der var dei! Eg hadde trudd at dei kom.» Og så får vi full greie på både måneskinet og på ungdomsflokkane på isen: «Lenger utpå i beste månedisen og elles burtmed søre landet, der dura skeisegangen, gutar og gjentor for rundt der. Dei ropte og lo og våla, bel imillom stokk atterljoden uppi bergi sunna.»

Litt nærare presentasjon av jentene får vi og: «Det var ho Anne ho den høge. Den vesle tjukke var ho Sigrid.» Men dette med årsmålsdagen er førebels noko dunkelt. Anne held fram med å takke, og Per skjønar tydelegvis ikkje retteleg kva ho meiner, heilt til ho seier: «Her song du takk for alt ifra vi var små siste skuledagen fyri jole. Men so hadde e årsmålsdagen min andag, du sende ikkje helsing ei gong!»

Scena.

Personane i dette kapitlet er ikkje mange. Per og dei to jentene er heile tida i framgrunnen, medan bakteppet er flokkane av ungdom og andre som er på isen (på Holsfjorden) ein strålende søndagskveld med fullmåneskin. Og her er både skarpe synsinntrykk og gjennomtrengjande lydar: «Burte der høyrdest grove karsmål og gnelle gutemæle, gjentelått blenkte upp, hyl slo til vers. Alt i eitt svinga eit par ut i lyset, hand i hand eller guten skuvde gjenta føre seg. Dei farta som to små svarte strek, gjorde ein rundil og kvarv innatt i skuggen til dei andre.»

Ein kan godt tenkje seg at ein slik kveld ville innby ein fjølde av folk til å finne fram skeisene og kome seg ut på isen. (Underskrivne har sjølv vakse opp i nærleiken av eit lite vatn der det oftast var skeiseis seinhaustes eller ved juletider. Det brukte å vere store flokkar på skeiser når ein av og til var så heldig at ein hadde «hålis» som det ikkje var snø på. Det er inga sak å kjenne seg att i Olav Slettos skildring.)

Men folkemengda er heile tida berre kulissar eller råde rundt det heile. Ein og annan gong bryt det ut nokre personar or denne bakgrunnen og skaper litt kontakt med hovudpersonane, som dei to kråmbugutane + Steidn og Sindre. Men det er berre stuttvarige besøk, snart slitnar trådane og hovudpersonane er atter «åleine». Unntaket er Steidn, ein av dei viktigaste vaksne personane i «Per Spelmann», - og siste delen av kapitlet handlar også mest om Pers forhold til Steidn.

Naturen.

No kan vel Olav Sletto ha rett når han skriv at han ikkje er interessert i å skildre naturen (fjellet), men gjerne vil få fram den verknaden naturen har på menneska. Per ville ikkje vere den kunstnar han er, om han ikkje sansar og gjer seg opp sine tankar om naturen nett denne kvelden. «Ein lysdis kledde elles all bygdi inn i noko fordult blidt, og nordre dalsida stod meir som i draum upp lidene. Kambenuten var eit under rett og slett og han *måtte* me sjå. Han rette seg naken snøkvit og tok riklegare til seg av måneskinet enn alt anna, han hørde ikkje verdi til lenger. Utfor søre landet gjekk måneljosken over i nattsvart, der skygde bergi.» (s.7-8)

Og når krambugutane har reist av garde med jentene, tolkar Per naturen i samsvar med kjenslene, og Kambenuten blir symbol: «Nordre dalsida reis trygg og fast og måneblank. Kambenuten drøymde kvit og roleg og ansa ingenting her nede på isen. Kvifor sat eg ikkje der uppe heller?...der eg skulle ha vore! Kvifor flaug eg i dalbotnen og toska meg burt?»

Kambenuten er eit fast punkt i Pers tilvære, og det er heller ikkje ukjent – i nokon av bøkene – at det er oppe i høgda, anten det no er «stølen» hans Steidn, eller stølen der Per har gjætarsommaren sin, eller verda til bestemor og bestefar og grannane, er bada i eit heilt anna lys enn det som finst «nede i dalbotnen».

Det erotiske spelet.

Olav Sletto har fleire gonger skrive direkte om sitt eige litterære program. I trettiåra, med sterke freudianske påverknader og mykje seksualtilbeding, ville han sikkert ha scora mange poeng hjå kritikken ved å levere meir eller mindre forrykande samlegeskiltringar og mykje direkte tale om kjønnslivet.

Han ville ikkje det. Han var ingen freudianar. Han hadde bygdemennesket si nedervde blygsle og var vel også oppvaksen i eit miljø der ein tradisjonelt hadde sterke atterhald mot å snakke eller skrive ope

om kjønnsliv. Han var nok svært varsam med å skildre desse sidene ved livet, men Olav Sletto hadde også ei velutvikla evne til å få fram sanninga mellom linjene, kanskje berre med nokre få småord, kanskje ved å skildre kroppsburd og andletsuttrykk hjå personane.

I kapitlet «På hålis» står det ein heil del mellom linjene. Og vi kan truleg vera samde om at det er ei skildring med erotiske undertonar. For her møtest Per med to pene jenter, og dei er alle tre i 14-15 årsalderen og skal konfirmerast til våren. Det kan gjerne vere at det er eit avtalt møte, for Per trudde i alle fall at jentene skulle kome. Og det er ikkje eit møte med dei andre ungdomane, men det er eit møte berre for dei tre.

Vi sansar det erotiske nokså direkte i det jentene fortel om han Ljugar-Halvor og det han har sagt. Var det slik at dei skulle konfirmerast til våren? Hadde han spurt. Ja, det var mange som var glade for det, sa han. «Håh!...dæ æ mange nøk som lika eplu!», sa Ljugar-Halvor.

Det må slå ein lesar at tre unge ungdomar med gryande kjensler av kjærleik knapt kunne finne ein betre møteplass enn isen – ein søndagskveld med fullt av folk på alle kantar. På isen kan ein gjere så mangt utan at nokon treng å bry seg om det. Med Anne som leiar går jentene laus på Per. Dei rører ved han, - «dei sleppte ikkje taket og dei rista meg reint um kapp. Dei tukta meg.» Dei tek kvarandre i hendene og skeiser, dei dreg av seg vottane så dei får varme, levande hender å halde i. Det er jentene, særleg Anne, som leier denne leiken, men så kjem dei to krambugutane og tek med seg kvar si jente, - og Per blir ståande att åleine.

Kor friviljug dei to jentene blir med dei vaksne krambugutane er ikkje godt å seie, men det er utan tvil «ærefullt» å bli tekne med på denne måten. Per, derimot, kjenner seg fælt narra og åleine, og freistar i tillegg å redusere det heile: «Eg burde ha funne ein måte so eg kunde ha kome ifrå desse jentungane lenge før.» Nei, Anne og Sigrid kunne det vere det same med.

Lesaren blir nok ikkje overtydd, og dette er ein av dei stadene der han nikkar over hovudet på hovudpersonen og veit betre.

Jentene kjem att, men Per lest ikkje anse dei, og når dei er nær nok til å rope, er det vottane sine dei ropar etter. Båe partar prøver å undertrykkje det dei egentleg kjenner og meiner, utan at det lukkast.

Og no veit dei ikkje lenger kva dei skal prate om.

Lesarane får eit sterkt inntrykk av at Anne er glad i Per. Og dette er nok heilt medvite for henne, medan Pers interesse for Anne ligg meir i det

umedvitne. Ein får vite meir om dette ved å lese om det tårevåte avskilet Anne og Per har like før ho skal reise til Amerika. (s. 179-183). Per likar nok Sigrid og, men i denne situasjonen er ho meir ein «anstand» for Anne, og dessutan ei fast venninne som held seg i lag med Anne heile tida.

Siste gongen på isen?

Det Per ikkje veit, er at Anne truleg skal reise til Amerika til sommaren, at dette for henne kan bli siste gongen på isen, og at ho kanskje aldri meir vil sjå att heimbygda, Sigrid, - og Per.

Når alle tre følgjest på båtstøa og Per tek av seg skeisene, får dei tid til å følgje med i alt som skjer på isen, høyre på «vålinga», på lyden av skeiser og på tonane frå to dragspel. «Og endå lyddeest det ikkje som glede. Det var berre forunderleg.»

Per er framleis fornærma. «Ja, so va detta gjort, sa eg høgt. Eg la skeisone over aksli som eg esla å reise meg upp.» Men så merkar han at Anne sit og græt og at Sigrid held armen om henne. Per skjønar ingenting av det jentene snakkar om, men han lurar litt på om Anne er lei seg for det med krambugutane—

Dei tre unge blir sitjande på isen, og ingen av dei seier noko. Men til sist må Anne fortelje Per at ho skal reise. Og no blir det så umogeleg at Per synest han må seie noko tull for å få stemninga opp att. Scena endar med styrlaus lått og leven, heilt til dei endeleg må skiljast.

Trådane til bygda og heimemiljøet.

Olav Sletto fortel ein heil del om utviklinga frå barn til vaksen i «Per Spelmann». I alle bøkene følgjer vi voksteren og utviklinga til Per, fram gjennom alle åra. Men Pers liv og lagnad er heile tida forankra i eit miljø, i ei bygd, i samspelet mellom menneske i denne bygda, i nær tilknytning til natur og årstider, og til ein familie, som i hans tilfelle er bestemor og bestefar. Når dei tre ungdomane er ute på isen, og om dei aldri så mykje er «utskilde» frå den ståkande mengda elles på isen, så blir det heile tida strekt trådar til den kvardag som heile tida er Pers vokstergrunn. Det er Ljugar-Halvor, som indirekte er med, - det er felespelaren og treskjeraren Steidn, det er dei to krambugutane, det er Sindre, og det er slarvekjerringa Kristi, som spionerer på dei unge inne frå land. Dei gjer alle, kvar på sin måte, gjesteframsyningar på isen, viser seg fram ei lita stund og blir borte att. (Siste delen av kapitlet handlar mest om Per og

Steidn, men det let vi ligge her.) Dette fortel tydeleg nok om Olav Sletto, at når han fortel om Per, så er det ikkje berre om eit menneske, ikkje berre psykologi, men det handlar om eit menneske i eit miljø.

Ein gløtt til sides – til Tarjei Vesaas.

Både Tarjei Vesaas og Olav Sletto har oppdaga kor høveleg ein kveld på isen kan vere når ein skal fortelje om ungdomars lyst og lengt, sårmod og sorg. Tarjei Vesaas fortel om leiken på isen i «Det store spelet» (s. 136-142 i Skrifter i samling-utgåva). Per Bufast er her 17 år, og Olav Bringa, Åsne Bakken og Randi Bratterud sameleis. Dei er eldre enn ungdomane i «Per Spelmann». Dei ser ikkje så mykje rundt seg; dei er opptekne av seg sjølve og dei aller næraste, av kjenslene sine, som vel må seiast å vera djupare og farlegare enn hjå dei ukonfirmerte i «Per Spelmann».

Slik heiter det her: «Dei mest-vaksne for i store bogar rundt i vikane. Svinga forbi einannan og las kor vondt og spørjande her var.» Venene Per og Olav ryk i hop i vilt slagsmål om Åsne Bakken. Seinare kjem Åsne på isen. Ho er lystig og glad, men det skjer vondt gjennom Per: «*Høyrde* dei ikkje kor uglad ho lo?»

Dette er ikkje for å lage nokon mannjamning mellom Tarjei Vesaas og Olav Sletto, berre for å peike på nokre likskapar hjå forfattarar som elles er svært ulike.

Til slutt.

Kapitlet viser noko av Olav Slettos meisterskap. Vi finn god karakterteikning og overtydande psykologi, vi blir med på ei feststund i vintertida for folk i det kalde nord: måneskin på skeiseisen, - vi svingar oss med ungdomane på den glatte flata i kjæte og overmod, og opplever dei bråe kast i unge sinn, - frå glede til sorg og saknad.

Han teiknar eit vakkert bilete av unge menneske som bryr seg om kvarandre, og endå om alvor, et stig sterkt fram på slutten, er hovudinstrykket livsutfalding og fest.

Et intervju med Per Østerud om Olav Sletto

Ved et besøk hos tidligere rektor ved Sagene lærerhøgskole Per Østerud, på feriestedet hans i Brydalen sommeren 2004, kom jeg nærmest ved en tilfeldighet til å nevne Olav Sletto. Det viste seg da at faren til Per, Erling Østerud, hadde vært kollega med folkehøgskolemannen Sletto i nærmere ti år, først som timelærer ved Nes folkehøgskole på Årnes, seinere som førstelærer på den nye skolen på Sørumsand.

Olav Sletto var på Årnes fra 1923 til 1929, forteller Per. I den tida skiftet skolen navn til Romerike folkehøgskole. Akershus fylke hadde i 1918 gjort vedtak om å opprette ei fylkesskole for nedre Romerike og bestemte seg for å slå sammen de to skolene. Derved fikk Sletto i oppdrag å reise den nye skolen på Sørumsand. Som styrer kjempet han for at dette skulle bli ei fri folkehøgskole og ikke ei fylkesskole. Sletto var ved Romerike folkehøgskole fra 1929 til 1940. Det som i etterkrigstida har vært Romerike folkehøgskole, er skolen på Jessheim som Erling Østerud grunnla.

- Jeg var så liten den gangen, sier Per Østerud (f. 1928), så det kan være vanskelig og skille mellom det jeg selv husker, og det jeg seinere har blitt fortalt. Men at det var ei opplevelserik tid skal være visst. Et hovedinntrykk er at alle i familien Sletto var så pene, legger han til.

Han minnes Karin og Olav Sletto som et elegant par der de spaserte over den store skoleplassen. Han i svart, sid frakk og bredbremmet hatt i samme farge. Hun, i svart kåpe eller cape og hvit Greta Garbo hatt.

Familien Sletto bodde i tredje etasje på skolen, mens familien Østerud hadde leilighet i andre etasje ved siden av gymnastikksalen. Men selv om de bodde like i nærheten av hverandre, kan ikke Per huske at han noen gang var inne i leiligheten til Sletto.

De fire barna Eva, Randi, Bjørn og Irene var på den tida ungdommer. De tre eldste var flyttet ut, men Per mener å huske at Irene fortsatte bodde heime. Når sønnen Bjørn kom heim fra Sjøkrigsskolen i uniform, vakte det oppsikt både på skolen og på Sørumsand.

Det var fire lærere og mellom 70 og 80 elever ved skolen. Foruten Sletto var det Erling Østerud, Svanhild Sand (gift Okkenhaug), Birgit Ørud og Kolbjørn Undset. Da Svanhild Sand giftet seg og flyttet til Trøndelag, ble hun erstattet av Laura Tonberg.

Det var en nær omgang blant lærerne, og Per har truffet dem flere ganger i oppveksten og seinere i sitt voksne liv, med unntak av Sletto. Det kan synes som han hadde nok med skolen, tankene og diktingen sin.

Siste gangen Per møtte Sletto var i 1934 da faren ble styrer på fylkesskolen på Ullinsheim i Ullsaker. Men Erling Østerud besøkte Sletto en eller to ganger på Geilo.

Da krigen brøt i april dagene 1940, tok tyskerne folkehøgskolen på Sørumsand. Familien Sletto fikk til å begynne med beholde leiligheten i tredje etasje, men måtte etter ei tid flytte til Bingen gård ved Glomma der de bodde fram til 1946.

Både før okkupasjonen og i tida etter var Sletto plaget av sykdom. I 1941 søkte han om permisjon fra skolen, og i 1944 gikk han av med invalidepensjon som det hette den gangen.

Per hørte aldri noe om Sletto i krigsårene. Først seinere fikk han vite at han hadde mottatt diktergasje, noe som førte til at han mistet medlemskapet i forfatterforeningen noen år.

- Så vidt jeg vet, sier Per, arbeidet far og Sletto godt sammen i de nærmere ti år de var i lag. Av faren har han forstått at Sletto var en glimrende taler og foredragsholder. Likeledes at han var bredt kulturorientert og en dikterisk begavelse. I ei minnetale om sin tidligere kollega skreiv bl.a. Erling Østerud i Høgskulebladet i 1965 at «Sletto var estetiker som kjente sitt kunstneriske ansvar og sin originale pedagogiske begavelse. Han var aristokraten i norsk folkehøgskole».

En gang spurte Per farens søster hva slags inntrykk hun hadde av forholdet mellom Sletto og faren. Til det svarte hun: «Du vet, de var jo så forskjellige. Erling var realist, organisator og pragmatisk leder, forankret i bondetradisjonen. Sletto var estetiker og en slags verdensborger i sin livsinnstilling». - Kanskje hun tenkte på Slettos orientering i retning av teosofi og antroposofi som stod fjern fra fars jordnære realisme, føyer Per til.

Det var inspektørrollen Erling Østerud skjøttet i sitt samarbeid med Sletto, men samtidig våknet nok folkehøgskolelæreren og lederen i han under Slettos påvirkning.

- Når jeg tenker tilbake på det allsidige og rike høgskolemiljøet som ble utviklet på folkehøgskolen på Jessheim i etterkrigstida, finner jeg likhetstrekk med den skolen jeg forestiller meg Sletto skapte på Sørumsand, føyer han til.

- Jeg er egentlig usikker på hva slags bilde jeg sitter igjen med. Hvordan var denne menneskelige eneren og aristokraten i norsk folkehøgskole? Hva hadde livsløpet og dannelsesreisen til denne evnerike bestemor- og bestefarsgutten fra Hallingdal gjort med han? Vakker mann, lærd, karismatisk, original pedagogisk begavelse. Likevel kan jeg ikke huske at jeg, barnet i nærheten, noen gang virkelig møtte han, selv om jeg så han ofte og var en del av hans nærmiljø.

Ola Jonsmoen skriver om han: «Men han var gjerne like utfordrande, tirrrende sjøltrygg ved si livsholdning, sjølvsentrert som det kan synast, affektet, søndagskledd med himmelvende augo».

- Kanskje var det noe av dette ved Sletto som gjorde at jeg ikke husker han som en person jeg virkelig møtte og ble kjent med, men en person jeg så «søndagskledd med himmelvende augo», avslutter Per Østerud samtalen vår.

Brev til Karin Bryde 20-05-11:

Um kveldane naar eg ventar brev ifraa deg – og eg ventar i kvar post! – daa skriv eg vers. Lause, lause utkast. Poetisk verd eig dei vel knapt. Men du skal ha dei – for til deg er dei skrivne!

Mitt viv!

Kann du kjenna at eg pustar deg varmt på kinnet?

= varmt, nært, nærmare, heitarel

Eg kysser din munn!

Eg dreg deg nær meg, og slær armene kring deg som eit eldbelte,
eg dreg deg inn til meg, inn i meg!

Eg drikk lenge, lenge, lenge av din munn!

Eg grip med sugande magt di varme sjæl av min munn!

Eg gjev mi varmaste, djupaste sjæl i mitt kyss –
i mitt famntak, og kjenner deg aldri nært nok!

Eg les tankar i dine augo, og godleik og all vænleiks rikdom.

Eg ser verdi i dine djupe augo, dine sorgstille og jublande augo.

Eg ser inn i dine uutgrunnelege augo, og trur paa himmelen.

Og eg ser di sjæl i di augnedyp, og eg grip henne, femner henne.

Eg drøyer store draumar um tvo sjæler!

Eg kysser munn, kinn.

Eg vil tvinga deg til aa lata augo att – tvinga med kyss!

Kjenner du min arm?

Han ligg deg fast um barmen!

Kjenner du at eg lyfter deg og ber deg og voggar deg.

Kjenner du at himmel og jord stend i heit bragd!

Kjenner du at eg elsker deg!

At eg stundar etter deg!

Unders glans eig det liv
me vil festa paa jord!
Du er moder og viv!
Du er alt i eitt ord!

Du er krynt i min eld
og hev truna di trygg!
Og kvar solsky um kveld
teiknar verdi me bygg!

Og all havblekets ro
skiner stort i vaart liv –
Ja, me anar det so –
baae tvo – du mitt viv!

Din Olav Sletto

(Karin Bryde sat modell for dette måleriet av Chr. Krogh)





Minnesteinen over Olav Sletto vart avduka i Sletto søndag den 4. september 1966.

Lars Reinton heldt denne talen ved avdukinga:

Det var her på denne garden Olav Sletto vart fødd for vel 80 år sidan, den 21.juni 1886. Det var her han trakka sine barneskor, - til å byrja med kalla han og Per-bøkene: Trakk i barneskor -, og her voks han opp til det han vart seinare.

Vi ser stugu der han vart fødd og kammerset der han seinare i gutedagane hadde bøkene og skrivesakene sine. Vi ser tunet, den vesle verda han byrja å tumle seg i. Låven stod den gongen opp og ned beint framfor stugu, og stolphuset stod nedst, nordanfor, loftet og matbua lengere oppe, so det vart eit innestengt firkanta gardstun.

Vi har altaren nord under dei store granene, som han og talar om i Per-bøkene, der han gøymde fela, symbolet på kunstnarinstrumentet han seinare skulle koma til å spela på. Der oppe er Kambenuten, med det veldige utsynet der han hadde bergstolen sin. Ovanfor brotet ligg Vene-

vollane, der han gjette, og nordpå åsen Helgesetli'e, der dei ypperlege dyreskildringane i «Per Stavlang» er frå.

Bergensbanen gjekk ikkje gjennom bygda den tid og ingen bilar. Her var merkeleg stille i bygda. So stille at ein kunne høyre naturen og folket tala på ein heilt annan måte nær og tydeleg enn i vår tid. I 4-årsalderen kunne han høyre Sandel låte på bukkehorn der borte på Røo. Eit forunderleg læte i lufta. «Det tona og leika og liksom var overalt», heiter det i «Per Spegil». «Anten var det solskinet eller den grøne marki eller den blå himmelen som let slik, det kunde eg ikkje få tak i.»

Sletto skreiv ein gong at ingen kunne forstå hans dikting «utan å vita at det ligg store fjell og rullar storlina ut i himmelsjå, og det utsynet har han hatt for auga i heile sin oppvokster. Heime. I vest Hallingskarvet i mektige linor og stor form – med snøbrear på blå botn um sumaren – med kvit kjortel den lange vinter... Eit overjordisk slott høgt over dalen og menneska,» som «gav tokke av det som varer og som massen ikkje forstår. I sør toppa Ådnakk, mindre – med sigende frå bae sidor som Japans Fujijama. Og lenger aust Sangefjellet – med tonefulle mjuke linor. Alle stader fjell-linor, form, skulptur, men inni denne råma blinkande vatn, sølvspglar, som krystallflator. Og med gardane kransa oppetter hellingi og òm og søg – natt og dag ein undertone som minte um orgel – frå Djupedalsfossen og Hagafossen. Inni let ein bekk som risla og rolsa bak låven på garden, og gamle ospetre nær husi som skolv og varsla den lange sumar. På hi sida husi granskog der vinden gjekk i tak, fall og stigning i all slags ver. Musikk. Alltid musikk.

Slik var heimstaden. Alltid kjensle av at ein budde høgt og såg vidt og fritt – alltid så mykje sol og lys – nær himmelen. Alltid sterk, rein luft. Alltid høgtid.»

So nært samband er det mellom natur- og barneoppleving og ein diktar, at dette er faktisk ein karakteristikk av Olav Slettos dikting og. Han kalla seg i «Boki um Olver» for «Fjellguten» og la mykje i det.

Det var i denne bygda han og møtte dei menneske som gav han dei første vokstervilkåra og det grunninnhaldet som han skulle koma til å byggje sine diktverk på og om. Besteforeldra, som vi møter i «Dei gamle», levde der borte i stugun, seinare som kårfolk nede i Bøkkø, som vi skimtar her like nedanfor, der husa no er borte, - der og Olav heldt til når han var heimatt, før han vart gift.

Bygda var den tid full av sermerkte menneske som han har bruka i bøkene sine, mest direkte i Per-bøkene og noko i Røgnald-ættesoga.

Gjekk han ned gjennom skogen, kom han til Lunde, der han råka Ingebjørg Lunde, ho som lærde han den shakespearske sanning at det er meir mellom himmel og jord enn din filosofi veit om. Og lengere borte Sindrol, der han møtte vismannen Sevat Nistugun, Henrik Torsgard, og nordmed Holsfjorden, attmed den gamle kyrkja, skulehuset, der han gjekk på skulen og der læraren og klokkaren budde, han som fekk så mykje å seia for han, og som han har sett levande minne i Per-bøkene, i saga om Røgnaldfolket og i «Boki um Olver». Nordi prestgarden budde Høyers og Tor Villand, og vestafor Nils Løingslåttun, og så var det Storedundra, Sindre Slåttekar, Hølgji gjæslegut nordi Helgesetli'n osb.

Kvardagsmenneske, men ikkje heilt vanlege menneske likevel, og han har løfta dei opp i eit høgare luftlag og har gjeve deira lagnad ei djupare meining og eit lengere liv i si dikting.

Sletto var fullt klår over at eit kvart menneske er ein eksponent av ætta og av dei forfedrane ein har runne av; ein er åndeleg ei samansetjing av dei evner og gjevnader til vondt og godt, som dei sat inne med. Han var difor klår over at det var riktig og viktig å lære ætta og opphavet å kjenne. Det heiter i «Småord»: «Du er bunden av band du ikkje ser. Dine gjerningar hev røterne i det undermedvitne, og din karakter er underbygt av dine fedrer.» Også i Silju-bøkene høyrer vi at Silju ville og måtte lære å kjenne ætta, «det måtte han».

Men det er og sikkert, at om ein finn fram til ætta langt attover, både natur- og miljøgrunnlaget for ein diktar, så har vi allikevel ikkje funne fram til diktaren, dette løynlege og merkelege som heiter kunstnaren.

For diktaren og diktarevna er i og for seg heilt uavhengig av alt dette, ho kjem som ei uforklarleg gåve. Sletto har forma det slik: «Skaldegåva er gudegåva.» Og Sletto var uvanleg tidleg klår over at han hadde fått denne gudegåva. Og han verdsette ho høgt, det var eit kall, og det kallet var heilagt, det skulle ein ta alvorleg og høgtidleg.

Han overtydde alt med første boka at han hadde fått denne gudegåva. I første omgangen kom ho til å gje eit bilete her frå Sletto som fascinerte alle med sin sanningstruskap og sin psykologi og stille poesi. «Dei gamle» er eit skinande Tidemands-bilete av norsk bondefolkeliv.

Men på si første store utanlandsreise, der han møtte fleire av åndsens stormenn i samtidig dansk åndsliv og i tysk dikting og musikk, kom han for første gong i gjæring, som han seier, og han fekk tileigna seg eit nytt syn på kva dikting er. Han lærde den diktemåte å kjenne som meir svara til hans lyst og gjevnad, og som no og vart hans:

Det han hadde lært seier han i Olver IV var at det skapande midtpunktet i diktverket er dikteren som personlegdom og hans intuisjon. Miljøet kan aldri vera utspring for diktverk som ekte kunstsaking. Diktaren er ein mann med det indre synet. Han ser, og det er sermerket på dikteren. Og synet som dikteren ser, det skaper tilfanget, emnegrjotet som han byggjer diktbilete av. Men biletet er nytt, det er ikkje noko spegelbilete. Diktverket har vorte til ved ei skapingsakt.

Dette er utgangspunktet for einkvar som vil forstå Slettos seinare dikting og kvifor han tok andre vegar i si dikting enn dei fleste i samtida. Han forlet den naturalistisk-realistiske breie vegen som dei fleste heldt fram på, og slo inn på det han kalla den idealistisk-realistiske. Han forlangte retten for ein diktar til å vera ein sjåar, at han hadde rett til å arbeide med etisk høgtståande menneske. Den idealistiske dikting ville nok halde seg til det verkelege livet, det er ikkje det som er skilnaden, skreiv han i ein avisartikkel. Men «idealismen krev at dikteren skal vera eit sjåande auga, ein løysande kunstnar, - at livet som er ljost og må ha rett til å verta skildra i bøker, og at desse skildringane også skal heita sann kunst.» Han skildrar helst «karakterar som brytst med girhugen, og all onnor hindring veks i striden og står til slutten som frie menneske. Diktaren er ikkje ein kunstnararistokrat, men eit menneske med kall og ansvar; han vil styrkja dådsevna og nøre den medfødde evna til etisk liv». Ein slik diktar får det vandare enn dei andre, for han vil arbeide med høgare og meir samansette kjensler. Han fann at det var ikkje hans oppgåve først og fremst å skildre bønder, slik som han hadde gjort i den første boka. Det kunne andre gjera betre. Han ville skildre det som levde i fjellbøndene, bak kvardagen. Han ville projisere dei åndskvaliteter som han hadde arva frå fjellbøndene, saman med det som han hadde tileigna seg av psykologi og sjeleleg innsyn ved lesing og studium, i menneske som han kunne henta emnegrjotet til frå kva land og kva tidsepoke han fann mest tenleg, såleis som sanne diktarar etter hans meining alltid har gjort.

Det kunne han gjera fordi mennesket er alltid og alle stader og evig uforanderleg det same.

Han tok til å skildre og uttyde dei mest høgtståande menneske som vi kjenner til innan vår kulturkrins: Kristus, og fleire av hans etterfylgjarar, ned til Luther og Hans Nielsen Hauge. Han skreiv «Tenaren» og romanane med emne og personlegdomar frå den tidlegkristelege og antikke tid. Gjennom denne dikting meinte han å ha funne ei løysing på det han kalla «offergåta på jord», noko som syntest som ei universallov: I

åndskamp er det gjerne slik at først når ein taper, vinn ein, i tapet ligg vinninga, der ligg ofte spiren til sigeren.

Det er grunnsynet i bok etter bok, ikkje berre i reliefbøkene men og romanane med emne frå den antikke tida. Sigere over seg sjølv formar dei etisk høgtstående og verdfulle menneske.

Det er mykje høgfjell og klårfjell-luft i «Tenaren» og romanane med dei fjerne emne og menneske og miljø. Kristus og profetane stig ned frå fiella og talar. Dei og har høg og klår fjell-luft ikring seg.

Mykje høgfjell og fjell-luft er det og i Loke-verket, som han då og kalla eit hugsyn.

Men Sletto såg slett ikkje berre dei lyse sidene i menneskesinnet og menneskelivet. Nei: Han vandra med himmelvendt andlet. Han kjende og dei mørke kreftene. Dei hadde han og møtt i fjellbygda. Han kjende personleg «Brøten», der borte på Seimsodden der han budde, litt av ein demonisk skapnad i si tid, som stod i samband med den vonde sjølv. Han kunne demme blodet og ville lære det i frå seg til Sletto. Sletto studerte saga om Villandsætta medan han skreiv verket om opprøraren Loke. Der fann han det intelligent sataniske, det demonisk opprørske, det egoistisk individualistiske i ei slag blind reising mot allmenn rettsorden. Altså også i Loke-verket lever fortida i Hol! Korkje Loke-verket eller dei historiske romanane er skildring av bønder, men dei skildrar det som levde i fjellbønder, bak kvardagen. I Loke-verket brukar han stoffet til å byggje opp eit menneskeleg stordrama av dimensjonar og eit verdsdrama samstundes. Det var eit storfelt hugsyn. Det er kanskje sterkt sagt det forfattaren Alf Larsen har sagt om Loke i eit brev til sin ven, men eg og visstnok fleire med meg er samd med han: «Dette verk (Loke-verket), som er holdt i rytmisk prosa, er utvilsomt skrevet under en stor inspirasjon. Både i dypsindighet og rent kunstnerisk overgår det Wergelands Skabelsen. Mennesket og Messias, og tåler etter min mening å nevnes ved siden av Den Guddommelige Komedie og Det tapte Paradis. Helt visst vil det en dag bli oppdaget som 'verdenslitteratur'». Og den strenge Ragnvald Skrede konkluderer sin artikkel om Lokeverket i boka om Olav Sletto med: «Slettos Loke-dikting er eit storverk, eit imponerende krafttak av ein ung og evnerik diktar.»

Fjellet og fjellbygda, heimbygda var med og skapte det alt. Han seier ein stad at han flydde åndeleg til fjells. «Men eg visste det – eg vart einsam. Hadde eg ikkje skjønna dette - at går du åndeleg til fjells, må du bli einsam, då hadde eg vorte beisk, - eit lidande menneske. Men eg skjønna det.»

Det var slett ikkje alle som skjøna det. Dei leiande kritikarane i tida minst. Mange melde heller nedlatande bøkene hans, eller melde dei ikkje. Men det var sume som alt då skjøna at her var ein original kunstnar ute. Alt etter Loke-bøkene og romanane med antikke emne skreiv den internasjonalt kjende kulturpersonlegdomen og litteraturkjennaren erkebiskop Nathan Söderblom i Uppsala i brev til Sletto: «Jag har observerat at Ni icke är mera än prosentvis inkasserat av den norska pressen. Men låt det bara skje. Den mannen som har skrivit verket om Loke och Paulus-romanerna kan vänta. Det kommer stora böcker om honom en gång».

Kring den tid han fylte 50 år skjedde det ei forandring med han. Han vende heimatt i si dikting frå dei fjerne land og dei fjerne emne, til heimbygda, til barndomstida og ungdomstida her heime. Han sat på sjølve 50-årsdagen, ein sundag, i heimen på folkehøgskulen på Sørumsand, der han høgtida fødselsdagen saman med familien. Borna leika seg på tunet. Han hadde eit lykkeleg familieliv. Om ei stund drog han seg tilbake til kontoret, som han ofte gjorde på sundagar og. Han vart sitjande i ettertanke. Han sette seg til å minnast, freista å sjå desse 50 åri i ein snar blink. «Og etter ei stund kom åri fram av seg sjølv ... Dei rann i hop, og det kom hundretal av andlet fram. Uteljande mange andlet og røyster som var kjende. Gøymde men ikkje gløymde.» Og dagane etterpå skjedde det same: «Små hendingar kunde med eitt stå lysande klære. I eit blenk var dei der. Men for det meste rømde dei att. Eit bel – so kom dei att.» Han tok til å skrive ned minna, slik dei kom føre han, så sanne som han kunne få dei til. Det vart eit manuskript til ei heil bok på 100 sider. Eg har kalla det «Minneboka». Han kom på at av dette stoffet kunne det bli ei verkeleg bok, kanskje fleire. Han skreiv i desse dagar til meg: «Det blir til det når ein tek til å eldast, at ein blir dregen attende til torva der ein er fødd. Då ser ein kva ein hadde med heimanfrå.»

Og ut av alt dette han hadde med heimanfrå, var det han skapte Perbøkene, og då han var ferdig med dei, Soga om Silju eller Røgnaldfolket, den store ættesoga frå Hol. Det er truleg ikkje mange holingar som ikkje kjenner Per-bøkene. Det er ikkje større skilde meiningar om at det er stor dikting. Å få ein gut til å vekse slik naturleg og organisk saman med sitt miljø og fram av sitt miljø, til slutt utover sitt miljø og slik at miljøet lever, sant og ekte, og kvart menneske med sin djubdepsykologi, med sitt særpreg, kan berre den store dikteren skapa. Sletto sa i eit intervju: «Jordi

og himmelen og dyr og menneske blir til inne i ei viss bestemt anlagt gutesjel.» Det er ein vanleg bondeguts utvikling, men samstundes er det ein som veks ved sida av han, jamsides, inne i den andre, kunstnaren, einaren.

Han fer frå bygda: Han går med handkufferten nedgjennom skogen, frå Sletto, og han såg utover: «Austi osen smalna fjorden, vart berre svartblanke dragsøget. Or djuvet under rauk Hagafossen. Ein dølen dur stod upp ... Der for storelva. Kunde ikkje stanse um ho hadde vilja. Elvi strøymde. Hasta på. Hasta ut or dalen i tung drått. Ho kunde ikkje stanse meir. Ho måtte og vilde til havs, ho hadde ikkje annan heim.»

Han for ut, men kom og heimatt. Ein diktar er komen heim, skreiv ein kritikar etter Per-bøkene. «Det er skrevet en mengde bøker om barn. Men jeg kjenner ikke nogen litteratur der det er gjort på denne måten og gjort så godt, med en slik intuitiv klarhet, med en slik duggfrisk selvopplevdhet og med slik rikdom av iakttagelser og sansninger og det i så høy kunstnerisk form som hos Olav Sletto ... Olav Sletto viser seg i dette verket som en stor dikter.»

«Olav Slettos fire romanar om Per er fullborene diktekunst, skapt av ein kresen prosa-artist», seier Ola Jonsmoen i «Ei bok om Olav Sletto».

Romanrekkja om Silju og Røgnaldfolket med ein vrimmel av sermerkte typar, er ikkje berre dramaet om hovudpersonen, Silju, men og om ei ætt og ei bygds utviklingshistorie i nyare tid, i det store hamskiftet. Han skreiv til meg då han byrja: «Dette nye emnet mitt er so rikt på menneske, lagnader og hending, at eg går plent i salig rus. Fær eg det til som eg no ser det, skal Hallingdal få sin roman.»

Og han fekk det til slik – Hallingdal fekk sin roman, ein som står på høgd med det beste av det slaget som har kome ut her i landet.

Litteraturhistorikaren prof. Harald Beyer, skreiv etter andre bandet, «Ettbunden», til Sletto: «Helleik er makeløs, enda bedre enn Tor i 'Under Solhov'. Dansen hans i bryllupet står for meg som et høydepunkt i norsk litteratur. Bare Kinck hadde kunnet gjøre noe lignende. Og så Helleik på tunet hos fienden sin. Bare Duun hadde kunnet lage noe så stillferdig og samstundes så meningsfylt. Dette vil ikke si at Deres skildring ikke er original, men er ment som en verdimåler. Hele første del er uten plett og lyte.»

Alf Larsen samanlikna også denne ættesoga med Olav Duuns Juvikingane og med Krokanns om Lo-ætta og seier at Olav Slettos roman ikkje berre står seg, men «i visse henseender overgår sine

forgjengere». «Driftekarén til Kinck er litterær konstruksjon i sammenligning med Røgnald ... Et storverk i norsk litteratur», hevda han. Dette er så store ord at vi må bruke den meir nøkterne dr. Rolv Thesen til kontroll. Han seier i sin artikkel i «Ei bok om Olav Sletto» at «for kvar gong ein les det (verket om Røgnaldfolket) opp att, blir ein overtydd om at han (Alf Larsen) hadde rett.»

Sletto fekk ikkje alltid høyre slike ord i live. Tvert imot. Nett då han heldt på å skrive siste bandet av saga om Røgnaldfolket, opplevde han ikkje berre sterkt Siljus konflikt mellom kunstnaren og yrkesmannen, men og Siljus smertefulle vonbrot over at hans kunstverk som prydde kyrkja, og som var ei gåve frå han, vart gløymt og ikkje nemnd ein gong ved innviinga av kyrkja. Han gjekk heim, vaska reint etter seg på Nordkammerset, verkstaden sin. Sletto kjende seg i same situasjon.

Ein kan trygt seia at han ikkje i levande live fekk den godkjenning og påskjøning som rett var. Han møtte ei tid hån, mykje kulde, uforståing og mistyding.

Det som berga han, var ei uryggjeleg tru på seg sjølv og ei fast overtyding om at den vegen han gjekk, var den rette for han, og den einaste han kunne gå.

Han vart stundom skulda for å vera ovmodig, innbilsk, overlegen, usann, uekte, eller kva det var. Sjølv meinte han at han skreiv det han måtte skrive.

Han skreiv i eit brev til meg: «Kvar bok er så naudsynt i sitt slag som ei frukt vokse der ute i den frie natur.»

Hans sjølvtru og sjølvhevding syntest sume å vera ovmod og sjølvgodskap, og det alvor og den høgtid han steig fram med verka irriterande på en del. I ein viss monn var han sjølv og hans veremåte med og skapte det. Men det var visse krinsar han ville sett det som beint nederlag å få ros frå!

Kva som vil leva lengst av det han har skrive, får tida vise. Ein vil setja det eine, ein annan det andre høgast. Men tolleg sikkert torer vi seia, at Sletto vil få større og større plass i litteraturhistoria.

Når det i dag blir avduka ein minnestein over han her i Sletto, reist av Hol kommune, heimbygda, og av ungdomslaga, og det her blir overlevert den første større og grundigare bok om han og diktinga hans av ei rekkje kjende forfattarar, er det nok ei ålmenn hylling av dikteren. Når det blir gjort her i Hol, er det ikkje minst ei hylling til han som i si diktning var «fjellguten», holine og halling.

Han har samla det alt saman i eit ord som han ein gong forma for ein som skulle skrive noko om han: «Høgfjellsheimen er modergrunnen til all Slettos dikting og tenkjing. Og hans rette heim.»

Det er difor naturleg og riktig at den første minnesteinen som blir reist over han, blir reist her, på heimstaden, på fødestaden hans, nær fjellet. Det er ein smålåten stein som her er reist, etter Sletto sitt eige ynskje. Truleg vil det bli reist større steinar over han seinare, og lansert fleire og kanskje endå større bøker om han i framtida.

Med takk for det han var og gav heimbygda, dalen og heile landet, oss og det norske folk, let vi duken falle.

BREV FRÅ ALF LARSEN TIL OLAV SLETTTO.

«Tjøme, 21/1-1952.

Kjære Olav Sletto!

«Loke» er seier fra første blad! Det er noe! Det er så opplagt at dette er ditt hovedværk. Jeg ser også at alt hva du senere har skrevet er variationer over dette thema, i forskjellige tonearter eller på forskjellige instrumenter. Her er også alt harmonisk, språk og innhold smeltet sammen til en fullkommen harmoni. Men her er vi jo også – som jeg sier i min anmeldelse av «Skrinet» – på landsmålets opphasvgrund.

Jeg forstår det også slik at når du i tredje del er veket noe fra den strengere rytmikk i sprogføringen så er det fordi vi her befinner oss i den egentlige «mann- heim», navnene på hovedpersonerne Illuge og Thoralf Halt forteller det jo også. Fremst står første og siste del, jeg vet ikke hvem jeg skal gi fortrinnet. Men i alle er fantasien, tankekraften og skildringen eller beskrivelseskunsten noe helt for sig, uten forbillede og med få sidestykker i verdenslitteraturen.

Man kommer jo til å tenke på Dante og Milton, men man må også tenke på Wagner i «Ringene». Dette kunde være satt i musikk hadde det været i dramatisk form – hvilket «musikkdrama»!

Her på norsk blir det jo først og fremst å sammenligne med Wergelands «Mennesket». Nu har jeg ikke «Mennesket» så klart for mig lenger, men det forekommer mig at du i mer enn en henseende overgår ham.. Klarere er tankerne jo, sammenhengen større, symbolikken mer omfattende, utsynerne veldigere – og fantasikraften ikke mindre. Selsomt i grunden at du ikke har fått versets gave. Mektig og merkelig er det, men din natur følger dig jo også her, du er mer av duearten enn av ørnearten, skjønt du i så høi grad også har ørnen i dig. Det blide, lavmælte og litt barnlige tonefall og ordlegging fornekter sig sjelden noensteds i ditt verk.

Det gir utvilsomt et minus til visse ting, men dog mindre her enn andre steder, skjønt man vilde ha ønsket noe mer av tonen fra for eksempel en Milton. Den du i vesen minner mest om er Ingemann, også han jo en stor innviet og en av de største diktere i Norden, ikke mindre som dikter enn Fra Angelico var som maler.

På landsmål er der kun to ting Lokeværket kan sammanlignes med: Garborgs «Haugtussa» og «I Helheim», og Aukrusts diktning. I «Haug-

tussa» og «I Helheim» var Garborg jo utenfor sig selv, var et virkelig medium, var «inspirert», som Olav Aukrust i hele sitt verk. Det er klart at du også her har vært under din egentlige inspiration, har hatt din nådestund. Ingenting av det du senere har skrevet kommer opp mot «Loke». Men det er også den slags man bare gjør en gang i livet.

Astrid leste «Loke» for mig, og hun rystet gang på gang på hodet: at du etter dette ikke hadde en annen stilling i vår litteratur enn den du har!

Ellers er det fortsatt min mening at du derefter er nådd høiest i de realistiske romaner og i eventyrromanen. Astrid har fått det samme inntrykk av de historiske romaner som jeg ved å lese «Fatum». Det du sier om din egen følelse av inspirationenes styrke biter ikke på mig. Det er noe jeg har tenkt meget over og har mine egne erfaringer om. «Befrielsen som kriterium!» utbryter Vilhelm Ekelund etsteds. Nei, svarte jeg ham straks i mitt indre, inspirationen er en strøm, den løper den ene dag sterkt og den annen dag svakt, men hva den fører med sig er «tilfeldig». Den ene natt kommer den som en stormflod og skyller bare noen pinner og flis opp på stranden, den neste natt kommer den som et stille høivande og bringer en mengde kostbart drivgods med sig! Således er det, tro du mig, og tiden er den eneste kritiker man i noen grad kan stole på. Det største litterære geni og den mektigste selvfølelse overfor et verk har ikke bevaret det fra å synke ned i glemselens strøm, utallige er eksemplerne på det.

Men la nu det være som det vil, også Astrid var klar over at en bok som «Fatum» både er storladen og ut fra sitt anlegg ytterst velformet. Det er bare det at hver gang jeg stikker nesen i en av disse bøker er det noe ved det hele som later mig halvveis kald, jeg gripes ikke av kunsten i det på samme måte som i de andre «størverker», og jeg skulde ta et veddemål på at under en avstemning blant ti av dine beste lesere vilde de syv eller otte være for mitt standpunkt. Nu skal jeg, uten å si et ord på forhånd, ta en prøve på Aasmund Brynildsen, og jeg skal også prøve på om jeg ikke kan få Hallvard Blekastad til å lese dig i sammenheng.

Det er vel forresten så at den historiske roman er en i og for sig uløselig oppgave. Man måtte være synsk (som Katherina Emmerich) for å kunne gjøre det riktig. Ikke engang Joan Grant, som påstår at han kan erindre sig sine inkarnationer, har kunnet gjøre det tilforlateg, jeg mener med levende menneskeskikkelser, således som en riktig roman skal være. Romanen i sin ideelle form krever det, det er noe vi ikke kommer utenom; enhver kunstform har sitt immanente krav. Man ser det for ditt

vedkommende best når man sammenligner dine historiske romaner med Schalom Aschs' (som jo kretser om det samme emne), han har nådd så langt i retning av samtidig å levendegjøre skikkelseene som det vel er mulig (uten som jeg sier å være visionær), men han er jo også en av virkelig få store forfattere i genren. Uten enhver sammenligning for øvrig minner dine historiske romaner om den form nutidsromanen etterhånden har antatt: fra å være en menneskeskildring og et tidsbillede (de store gamle og de største i nyere – jeg sier altså ikke nyeste – tid) til å være diskussionsinnlegg, uttrykk for meninger (typisk Koestler og Sigurd Hoel i hans siste; les den, den er i sin art glimrende).

Nu ja, så forlater vi dette emne, og jeg leser videre i Loke, jeg er ennå ikke helt ferdig med siste del. Jeg vilde blott ha dette «oppgjør» med dig for å si dig at noe slikt som dette måtte jeg komme med hvis jeg skulde skrive om hele ditt værk ...

Bliv i freden!

Din Alf Larsen.»

På nettsidene til *Alf Larsens Litterære Stiftelse* skriv Kåre Glette om Alf Larsens liv og forfatterskap:

«Alf Larsen (1885 – 1967) er eksempel på en vestfolddikter som i første halvdel av 1900-tallet stiger sosialt gjennom skriftkulturen. Fiskersønnen, anarkisten, antroposofen og outsideren ble en del av the establishment, en markant forlagsmann, forfatter og skribent, en intellektuell «kjendis» med mange venner, bekjente og forbindelser innen det dannede borgerskapet. Generelt kan vi si at han var en forfatter som gikk i utakt med sin samtid, særlig i 1920-årene, og det gikk lenge før han ble regnet som en av de «store» i norsk litteratur. Det skjer etter essaysamlingen «Den kongelige kunst» (1948) og videre utover i 50-årene. Da får han en slags «oppreisning» i form av anerkjennelse og dikterlønn fra staten.»

Som ein vil sjå, er det mange likskapstrekk mellom Alf Larsen og Olav Sletto. Dei vart gode vener, og det ligg ein stor brevbunke i Sletto-samlinga med brev til Olav Sletto frå Alf Larsen.

Brevet som er attgjeve i dette årsheftet, er eitt av dei. Denne brevsamlinga er verkeleg ein studie verd, og det vil kunne koma fleire slike døme som dette i komande årshefter.



SELSKAPET

Olav Sletto - selskapet vart skipa i diktaren si heimbygd, Hol, den 3.mars 2001.

Vedtektene seier at selskapet er eit landsfemnande selskap av einskildpersonar, organisasjonar, skular, verksemder, institusjonar, kommunar og fylkeskommunar.

FØREMÅLET med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sitt forfattarskap.

Dette skal gjerast m.a. ved

- å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta
- å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket
- å medverka til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta
- å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnaren og hans produksjon
- å arrangera foredrag, seminar, kurs og ekskursjonar m.v.
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.

Adressa til selskapet er Høgehaugvegen 11, 3576 HOL.

Du finn meir stoff om selskapet på www.olavslettoselskapet.no



SELSKAPET

ÅRSMELDING 2007 **(for tidsrommet 17/6-2006 – 12/6-2007)**

Styret i Olav Sletto-selskapet har dette året vore samansett slik: Arne Skogheim (leiar), Turid Birgit Lien (nestleiar), styremedlemer Kåre Olav Solhjell, Per Lilleslett og Kaare Wensaas.

Varamedlemer har vore Evalill Sletto, Eli Sælid og Maria Søndrål Wick.

Rekneskapen har som tidlegare år vore ført av Ola Ruud. Revisorar har vore Osvald Medhus og Jan Robert Wick. Valnemnd har vore Knut Medhus (leiar) og Knut Øyvind Skaro.

Laget har pr. 1/5-2007 94 betalande medlemer og 1 æresmedlem (Jul Haganæs). 9 registrerte medlemer har ikkje betalt kontingent for 2007 pr. 1/5.

Det er halde 4 styremøter i selskapet omframt årsmøtet. På årsmøtet 17.juni 2005 heldt Magne Myhren eit levande og interessant kåseri om ulike sider ved Olav Sletto sin forfattarskap.

Styret har arbeidd vidare med spørsmålet om eit litteraturseminar i samarbeid med andre liknande selskap, men det har ikkje vore lett å få til dette samarbeidet. No har me fått kontakt med det nyvalde styret i Venelaget Olav H. Hauge. Dette venelaget har teke på seg å skipa til eit slikt felles seminar i samsvar med oppmodinga frå Olav Sletto-selskapet. Eit fellesmøte vil truleg kunne haldast før opninga av Hauge-senteret i Ulvik i 2008. Styret i Per Sivle-laget er og interesserte i dette samarbeidet.

Styret har hatt to arbeidsmøter i Hol Bygdearkiv der ein har teke til med katalogisering av dei etterlatne papira/manuskripta etter Olav Sletto. I samband med denne katalogiseringa har ein fått kontakt med Alf Larsen-stiftelsen. Brevvekslinga mellom Alf Larsen og Olav Sletto bør gjerast tilgjengeleg for interesserte i begge selskapa. I Årsheftet 2007 er det med eit døme på denne brevvekslinga.

Hol Sparebank har også dette året gjeve selskapet god økonomisk støtte. Tilskotet frå banken var i 2007 på 4000 kroner. Hallingdal Kraftlag har annonsert i Årsheftet 2007, der ein m.a. vil finna artikkelar av Vidar Bergset og Lidvard Hytta.

Hol, 12.mai 2007.

Arne Skogheim

Turid Birgit Lien

Kåre Olav Solhjell

Kaare Wensaas

Per Lilleslett

Dette årsheftet er utgjeve med støtte frå



**HALLINGDAL
KRAFTNETT**